



DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams
Dato: 22. mars 2024
Klokkeslett: 09:00-10:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 15. mars 2024

Saksliste byvekstvtalen

Sak 20/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
Sak 21/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024
Sak 22/24 Handlingsprogram 2025-2028 – Post 30
Sak 23/24 Eventuelt

Saksliste byvekstavtalen

Sak 20/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 21/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024

Vedlegg 1

Merk endring frå utsendt referat. Følgande er lagt til på sak 10/24:

«Styringsgruppas leiar peikte på at hovudutfordringa for oss no er leveransen på nullvekstmålet og den avtalen som er.»

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 22/24 Handlingsprogram 2025-2028 – Post 30

Vedlegg 2, 2a

Saka er del av fleire saker knytt til rullering av handlingsprogram 2025 – 2028. Av omsyn til at NTP blir lagt fram, blir møtet korta ned. Dette møtet er derfor avgrensa til å behandle statlege post 30-midlar. År 1 i handlingsprogrammet fungerer også som innspel til Statsbudsjett 2025. Med frist rett over påske, er det naudsynt med avklaringar på post 30 i dette møtet.

I neste møte i styringsgruppa, blir det lagt opp til handsaming av resten av budsjettpostane og med det eit ferdig handlingsprogram.

Saka har blitt diskutert i prioriteringsrådet. Prioriteringsrådet har gjort ei samla vurdering av framlegget til post 30 basert på porteføljestyryngskriteria i byvekstavtalen.

Ein førebels utgåve av prosjektporteføljen ligg ved (vedlegg 2a). Denne inneheld alle prosjekt som er spelt inn i Miljøløftet, uavhengig av om dei er aktuelle for kommande handlingsprogram, eller for seinare rulleringar. Prosjektporteføljen inneheld ingen tal, desse blir oppdaterte på eit seinare tidspunkt. For kostnadsoverslag til enkeltprosjekt, blir det vist til saksframlegga.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028 over post 30, i tråd med konklusjonane i møtet. År 1 i handlingsprogrammet blir Miljøløftet sitt innspel til Statsbudsjett 2025. Handlingsprogram 2025-2028 som heilskap blir behandla i neste møte, før vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.

Sak 23/24 Eventuelt